

Referat, soknerådsmøte i Moster kyrkje

måndag 21.09. 2020 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Marta Fauskanger Ekberg, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Camilla Rubach, Heidi Torkelsen Fagervik og Aksel Lygre.

Sak 64 – 2020 Godkjenning av møtebok frå 25.08.20 og av innkalling.

Merknad til møtebok: I saker som vedkjem t.d. den tilsette sitt fagområde/tenesteområde, skal dei kallast inn.

Møtebok og innkalling godkjend.

Sak 65 – 2020 Drøftingar med kyrkjemusikalsk utval

Tema for samtale:

Kva planar og ynskje har utvalet for det kyrkjemusikalske arbeidet framover? Korleis jobbar me for å få til variererte musikalske uttrykk? Korleis tenkjer me om musikalsk involvering på ungdomsgudstenester? Korleis kan me få fart på rekrutteringa til koret?

Kantor orienterte om korleis dei jobbar, og om ulike musikalske gudstenester dei har hatt. Det kom fram ynskje om også å ha ei trekkspelgudsteneste.

Kyrkjemusikalsk utval vart også beden om å tenkje fram mot 1000-årsjubileet i 2024.

Avklaring av forventningar til dei to jubilea i 2024 vart påbyrja.

Generelt når ein jobbar for å få varierte musikalske uttrykk: Soknerådet, kyrkjemusikalsk utval og koret har kome med, -og kjem vidare med innspel i det vidare arbeidet. Det vart diskutert korleis ungdomane kan involverast meir i det musikalske arbeidet.

Rekruttering til kyrkjekoret: Vanskeleg å få inn nye medlemmer. Ein treng fleire mannsstemmer. Forslag som vart lansert: Å ha eit korprosjekt, der folk kan melde seg på utan å forplikte seg til meir enn prosjektet. Kanskje nokre då vil vere med vidare i kyrkjekoret. Å marknadsføre kyrkjekoret med stor begeistring er viktig.

Sak 66 – 2020 Oppfølging av tidlegare saker.

Oppnemning av nokon som sender foto og tekst til heimeside til kyrkjekontoret.

Saka vart utsett frå førre møte. Alle soknerådsmedlemmene vert bedne om å kome med forslag til kandidatar.

Nokre av fjorårets konfirmantar vil bli spurde til å ta bilete. Nokre andre skriv teksten.

Trusopplærar tek bilete og skriv litt om trusopplæringstiltaka.

Temakveldar: Fordeling av praktiske oppgåver:

Den 1. oktober: Elin er kyrkjevert. Ho kjøper også vestlandslefse. Aksel leier.

Korleis nytte den store deltakinga på nettgudstenestene til å vitalisere gudstenestelivet?

Oppfølging: Skaffe fleire tekstlesarar. Fire nye i fast rullering på gudstenestelista. Involvere fleire i musikkinnslag.

To personar manglar til tekstlesing, og ein ynskjer at det skal vere ungdomar.

Revisjon liturgisk grunnordning og soknemøte. Punkt 1 og 18 i svarskjemaet.

Punkt 1: Allmennserie 1, ikkje serie for fastetida og ikkje serie for festtida.:

Punkt 18: I Moster kyrkje har me gudsteneste cirka annakvar søndag, med unnatak av sommarferie. Opp mot 10 av desse kan vera familiegudstenester. Elles nemner me olsokgudsteneste med gregoriansk song, lysmesse 1.søndag i advent og elles 1-2 gudstenester med særskilte musikalske uttrykk, til dømes jazz. Moster kyrkjelyd fylgjer kyrkjeåret sine tekstrekker, med unnatak av trusopplæringsgudstenester, der ein kan velja annleis i nokre høve. Døme på dette kan vera: anna forbøn enn litaniet, forteljingstekst i staden for ordinær tekst eller alternativ tekst som samsvarar med materiale som skal delast ut.

Soknerådet vedtek punkt. 18, og punkt 1 med følgjande endringar: Me ynskjer å søkje om fast bruk av noverande «kyrie,» NOS, nr. 976. 4. Dessutan vil soknerådet søkje om å ha «sæle er dei som høyrer guds ord...» som fast halleluja-vers.

Soknerådet vedtek ny dato for soknemøte, den 22.11.20, om det praktisk mogleg.

Konfirmasjonane til helga – Dei siste praktiske avtalar og førebuingar vart avklara.

Sak 67 – 2020 Kvartalsrapport 2.kvartal 2020.

Vedtak: Soknerådet bed klokkarane om å opplysa kyrkjelyden om mindre inntekter grunna korona, men utan at me legg press på kyrkjelyden. Me tek rapporten til vitande.

Sak 68 – 2020 Liste over kyrkjeoffer 2021

Vedtak: Soknerådet bed leiar, kasserar og sokneprest om å utarbeid, før møtet i november, forslag til kyrkjeoffer på gudstenestene i 2021. Me fylgjer framleis fordelingsnøkkelen tilnærma 50% til eigen kyrkjelyd, og 50% til eksterne. Løn til diakoniarbeidaren skal utgjere 4 kyrkjeoffer.

Sak 69 – 2020 Prostimøte 15.oktober 2020 kl.16:00 i Nysæter kyrkje.

Sjå vedlegg. Prostimøte er både for sokneråd, tilsette og frivillige. I år handlar det om å vere kyrkje på nettet og i sosiale media. Me tek opp påmelding på møtet.

Moster sokneråd finn det ikkje tilrådeleg å vere med på dette prostimøtet p.g.a. den rådande koronasituasjonen. Aksel formidlar dette til Sunnhordland prostiråd.

Sak 70 - 2020 Frivilligprisen.

Soknerådet drøftar forslag til namn.

Vedtak: Soknerådet har funne ein kandidat, og tekst om kandidaten må vere ferdigstilte til neste soknerådsmøte den 27.10.20

Sak 71 – 2020 Framdriftsplan for skifting av glas, måling og anna vedlikehald av kyrkja.

Vedtak: Moster sokneråd er ikkje nøgde med at jobben med målingsarbeidet ikkje vart fullført i sommar. Utvendige bord, og lister til vindauge over døra i inngangspartiet må skiftast snarast, for at det ikkje skal oppstå skadar. Dei andre vindaugo må skiftast som planlagt i 2021.

Sak 72 – 2020 Referat og meldingar

Samrådsmøtet

Orgelkomiteen:

Frå fellesrådet.

Komité for lokalt kyrkjejubileum 2024.

Estlandskomiteen:

Misjonsavtale med NMS, vedrørende 1- åringane i Estland

vert sagt opp. Det er bevilga 15000 kr. til kyrkjelyden i

Sangaste.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Per Harald Gjerde

Skrivar